

MØTEBOK HALLINGTINGET

TID: 16.11.2016
STAD: Gol, Gol kommunehus

Desse møtte på Hallingtinget:

<u>Hol kommune</u> Petter Rukke Erik Kaupang Matias Eide Sataøen Nina Dalen (sak 14, 15) Petter Braaten	<u>Hemsedal kommune</u> Oddvar Grøthe Olav Støyten (sak 14, 15) Petter Owesen Kjell Erik Skølt Odd Holde
<u>Ål kommune</u> Solveig Vestenfor Ole Egil Trinrud Torleif Dalseide Torhild Helling Bergaplass Dagfinn Bøygard	<u>Nes kommune</u> Tore Haraldset Gerd Jorde (sak 14, 15) Endre Storhaug (sak 14, 15) Astrid Brattested Knut Jakob Larsen (sak 14, 15)
<u>Gol kommune</u> Heidi Granli Helge Feet Svein Eide (sak 14) Leif Norhaug (sak 15, 16) Roger Toppen Herbrand Jegleim	<u>Flå kommune</u> Tor Egil Buøen Kristin Gullingsrud Torkel Raaen Kjell Tollefsen

Av rådmennene møtte Tone Tveito Eidnes, Ål kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune

Administrasjon Regionrådet
 Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

Frå Buskerud fylkeskommune møtte: Bente Bjerknes, Erling Aaas, Kjersti Morseth Hallerud.

SAK 14-16 UTTALE, KONSEPTVALUTGREIING (KVU) RV.7 og RV.52 GOL – VOSS

Ål formannskap tilrår Hallingtinget å gje fylgjande uttale i saka om KVU Rv 7 Rv 52 Gol-Voss:

1. For å sikre framtidig vekst og utvikling i heile Hallingdal, støttar Hallingtinget RV7 mellom Gol og Voss som hovudveg med lang tunnel under Hardangervidda. På den måten sikrar me både regionale, miljømessige og næringspolitiske interesser i heile regionen. Me tryggar beredskapen mellom aust og vest.
2. Hallingtinget meiner standarden på strekninga Gol - Robru må rustast opp. Vegen må leggest utanom Hemsedal sentrum.
3. Hallingtinget støttar ikkje utgreiing av diagonalen Odda-Bergen.

Forslag Gol kommune og Hemsedal kommune:

Hallingtinget vil konkludere slik:

Rv 52 Hemsedalsfjellet vert valt som den nordlege hovudvegen i tillegg til E134 som alt er valt om den sørlege hovudvegen.

Trinnprosessen som er anbefalt av Statens vegvesen, der ein startar med utbetringar på strekningane Svenkerud-Gol-Robru og omkøyning forbi Hemsedal sentrum gir meir effekt for ei større trafikkgruppe tidleg i utbygginga.

Hallingtinget vil støtte gjennomføring av KVU Hardangervidda. Det vil løyse vinterregularitet og villreinspørsmålet på ein god måte og Rv 7 vil vera ein alternative fjellovergangar for både Rv 52 og E 16 ved spesielle høve. KVU Hardangervidda bør gjennomførast tidleg i perioden.

Strategisk satsing på Rv52 som hovudveg aust- vest, Rv 7 som nasjonal turistveg over Hardangervidda og satsing på Bergensbanen med m.a. kryssingsspor vil vera gode tiltak for Hallingdal inn i framtida

Forslag frå Flå kommune:

1. Ut i frå ei heilskapleg samfunnsøkonomisk vurdering, regionale konsekvensar og omsynet til kva for andre aust-vest samband som er bygd og vil bli bygd, så meiner Hallingtinget at RV7 er det beste alternativet som prioritert hovudveg aust-vest i saman med E134.
2. For å sikre framtidig vekst og utvikling i heile Hallingdal, støttar Hallingtinget RV7 mellom Gol og Voss som hovudveg med lang tunnel under Hardangervidda. På den måten sikrar me både regionale, miljømessige og næringspolitiske interesser i heile regionen.
3. Hallingtinget meiner standarden på strekninga Gol - Robru må rustast opp. Vegen må leggest utanom Hemsedal sentrum.
4. Hallingtinget støttar ikkje utgreiing av diagonalen Odda-Bergen.

Avstemming

Framlegg frå Gol og Hemsedal kommune fekk 9 røyster

Framlegg frå Flå kommune fekk 20 røyster

Vedtak

Uttale KVU Rv 7 Rv 52 Gol-Voss

1. Ut i frå ei heilskapleg samfunnsøkonomisk vurdering, regionale konsekvensar og omsynet til kva for andre aust-vest samband som er bygd og vil bli bygd, så meiner Hallingtinget at RV7 er det beste alternativet som prioritert hovudveg aust-vest i saman med E134.
2. For å sikre framtidig vekst og utvikling i heile Hallingdal, støttar Hallingtinget RV7 mellom Gol og Voss som hovudveg med lang tunnel under Hardangervidda. På den måten sikrar me både regionale, miljømessige og næringspolitiske interesser i heile regionen.
3. Hallingtinget meiner standarden på strekninga Gol - Robru må rustast opp. Vegen må leggest utanom Hemsedal sentrum.
4. Hallingtinget støttar ikkje utgreiing av diagonalen Odda-Bergen.


SAK 15-16 UTTALE, NÆRPOLITIREFORMA

Forslag til uttale


1. Etter Hallingtinget sitt syn burde det vore gjennomført ei langt betre form for konsekvensanalyse. Med ei systematisk vurdering av alle relevante fordelar og ulemper som reforma vil føre til, i forhold til dagens situasjon (0-alternativet), uavhengig om fordelane og ulempene kan prisast eller ikkje. Hallingtinget kan ikkje sjå at det i rapporten er gjort reelle vurderinga av konsekvensar av føreslegne endringar, mykje av konklusjonane er basert på tru og oppfatningar.
2. I dei vidare vurderingane legg Hallingtinget til grunn at «nærpolitireforma» skal gje eit politi i Hallingdal som er meir til stades og meir tilgjengeleg, samstundes som politiet løyser sine oppgåver betre.
3. Hallingtinget er oppteken av at politireforma frå Stortinget si side er ei nærpolitireform som skal sikra tilgjengeleg og synleg politi, kort responstid, god førebygging og polititilsette som arbeider og bur i folk sitt nærmiljø. Politireforma må ikkje gå inn i ei rekkje av reformer som «flyttar» allereie knappe resursar inn mot sentrale strøk. Føresetnadene frå Stortinget om eit sterkare nærpoliti må fylgjast opp.
Ei av dei store utfordringane er å balansere nærleik til publikum opp mot større einingar.

Hallingtinget opplever at nærleik blir sterkt underkommunisert, medan det er ei usvikeleg tru på at store einingar uansett er eit gode. Nærleiksprinsippet som sjølv grunnplanken i beredskapspolitikken må følgjast opp, der openbare innvendingar med sentralisering må vurderast nøye.

4. Hallingtinget er ikkje samd i forslag til tenestadsstruktur med Hol og Gol som einaste lokaliseringane i Hallingdal. Som det er peikt på skal reforma utvikle eit nærpoliti som er til stades med lokalkunnskap og brei kontaktflate. Ut frå store avstandar og svært dårleg dekning i nedre del av Hallingdal og grenseområda mot Hallingdal, må Nes/Flå ha ein tenestestad.
5. Hallingtinget meiner bestemt at Hallingdal som ei eiga tenesteeining er det desidert beste alternativet. Argumenta er m.a. ut frå oppgåver som skal løysast, kvalitetskrav og eit politi som er meir til stades og meir tilgjengeleg. I tillegg må det også leggjast vekt på geografi/avstand, regionforståing, lokalkunnskap og kultur. Det blir og vurdert som beste løysinga for ei lik og god teneste til publikum i heile distriktet. I tillegg vil det bli meir attraktivt i forhold til både rekruttering og karriere.



6. Hallingtinget har ikkje sterke meiningar i forhold til talet på geografiske driftseiningar (GDE). Det er sjølvsagt viktig at GDE er ei geografisk eining som er føremålstenleg i forhold til oppgåver. Lokalisering av driftseiningar vil skje i utkanten av dei geografiske områda og svært nær kvarandre ved føreslege alternativ. Hallingtinget meiner ikkje at noverande fylkesgrenser og fylkesmannsembete kan vega tungt ved organisering av GDE. Det er heilt avgjerande at distrikta blir sett og høyrst spesielt, for å vega opp for avstandsulempar og mangel på kunnskap. Hallingtinget ser utfordringar ved at leiar geografiske driftseiningar også skal vera leiar for ei tenesteeining og ein tenestestad.



7. Det er satt eit mål om 2 politiårsverk pr. 1000 innbyggjarar innan 2020. Det er registrert at Sør-Øst politidistrikt, ut frå målsettingane, manglar om lag 400 politiårsverk (i dag ca. 1000). Hallingtinget kan ikkje skjønna anna enn at ei auke i storleik 40% i politiårsverk må vera det desidert viktigaste bidraget for å nå måla i «nærpolitireforma». Hallingtinget har vanskeleg for å skjønna kvifor dette ikkje har vore ein del av grunnlaget for effektiviseringsprosjektet. Det er ei klar forventning om at bemanninga i Hallingdal vil auke vesentleg ved opptrapping av politiårsverk.
8. Hallingtinget vil peike på tre faktorar som det må takast spesielt omsyn til ved framtidig organisering og bemanning:
1. Store geografiske avstandar
 2. Hallingdal er den største reiselivsregionen i landet, med 5 – 6 mill. gjestedøgn noko som tilseier ei auke i folketalet på over 60% dersom gjestedøgna blir fordelt over året.
 3. Hallingdal er hovudferdselsåra mellom aust og vest der over 50% av vegtrafikken skjer på Rv7 (Hønefoss – Gol).
9. Hallingtinget er gjort kjent med at det ligg føre forslag til organisering av forvaltningsoppgåver og sivil rettspleie. Hallingtinget beklagar at det ikkje vart orientert om dette i Hallingtinget sitt møte 27.10.2016, der det vart sett av godt med tid til politimeisteren, med ein grundig gjennomgang. Ulike forvaltningsoppgåver og sivil rettspleie er sjølvsagt viktig at blir organisert på ein god måte – også for Hallingdal. Hallingtinget er sterkt bekymra for at det her blir teke avgjerder, der det ikkje er moglegheit for reelle innspel og uttalar. Det er også ei sterk bekymring for at vurderingar blir gjort etter kjente mønster der det blir sett likskapsteikn mellom kompetanse/kvalitet og storleik. Hallingtinget kan på ingen måte akseptere ei organisering, der distrikta blir taparane med ein dags reiseveg for å få løyst sine oppgåver, og at det blir eit ulikt tenestetilbod. Hallingtinget krev at det snarast blir orientert om føreslegne løysingar, at det blir opna for å koma med uttale og at organisering av forvaltningsoppgåver og sivil rettspleie blir sett inn i ein total samanheng for Hallingdal.

Forslag Flå nytt pkt.4

Hallingtinget er ikkje samd i forslag til tenestadsstruktur med Hol og Gol som einaste lokaliseringane i Hallingdal. Som det er peikt på skal reforma utvikle eit nærpoliti som er til stades med lokalkunnskap og brei kontaktflate. Hallingtinget meiner det derfor må vera eit lensmannskontor med lensmann i kva kommune.

Forslag frå Petter Braaten tillegg i pkt. 9

Det må vera eit reelt tenestetilbod i forhold forvaltningsoppgåver og sivil rettspleie ved kvart tenestestad, med faste daglege opningstider.

Avstemming

Framlegg frå Flå kommune samrøystes

Framlegg frå Petter Braaten samrøystes

Vedtak

1. Etter Hallingtinget sitt syn burde det vore gjennomført ei langt betre form for konsekvensanalyse. Med ei systematisk vurdering av alle relevante fordelar og ulemper som reforma vil føre til, i forhold til dagens situasjon (0-alternativet), uavhengig om fordelane og ulempene kan prisast eller ikkje. Hallingtinget kan ikkje sjå at det i rapporten er gjort reelle vurderinga av konsekvensar av føreslegne endringar, mykje av konklusjonane er basert på tru og oppfatningar.
2. I dei vidare vurderingane legg Hallingtinget til grunn at «nærpolitireforma» skal gje eit politi i Hallingdal som er meir til stades og meir tilgjengeleg, samstundes som politiet løyser sine oppgåver betre.
3. Hallingtinget er oppteken av at politireforma frå Stortinget si side er ei nærpolitireform som skal sikra tilgjengeleg og synleg politi, kort responstid, god førebygging og polititilsette som arbeider og bur i folk sitt nærmiljø. Politireforma må ikkje gå inn i ei rekkje av reformer som «flyttar» allereie knappe resursar inn mot sentrale strøk. Føresetnadene frå Stortinget om eit sterkare nærpoliti må fylgjast opp.
Ei av dei store utfordringane er å balansere nærleik til publikum opp mot større einingar.

Hallingtinget opplever at nærleik blir sterkt underkommunisert, medan det er ei usvikeleg tru på at store einingar uansett er eit gode. Nærleiksprinsippet som sjølve grunnplanken i beredskapspolitikken må følgjast opp, der openbare innvendingar med sentralisering må vurderast nøye.


4. Hallingtinget er ikkje samd i forslag til tenestadsstruktur med Hol og Gol som einaste lokaliseringane i Hallingdal. Som det er peikt på skal reforma utvikle eit nærpoliti som er til stades med lokalkunnskap og brei kontaktflate. Hallingtinget meiner det derfor må vera eit lensmannskontor med lensmann i kva kommune.

5. Hallingtinget meiner bestemt at Hallingdal som ei eiga tenesteeining er det desidert beste alternativet.


Argumenta er m.a. ut frå oppgåver som skal løysast, kvalitetskrav og eit politi som er meir til stades og meir tilgjengeleg. I tillegg må det også

leggjast vekt på geografi/avstand, regionforståing,

lokalkunnskap og kultur. Det blir og vurdert som beste løysinga for ei lik og god teneste til publikum i heile distriktet. I tillegg vil det bli meir attraktivt i forhold til både rekruttering og karriere.



6. Hallingtinget har ikkje sterke meiningar i forhold til talet på geografiske driftseiningar (GDE). Det er sjølvsagt viktig at GDE er ei geografisk eining som er føremålstenleg i forhold til oppgåver. Lokalisering av driftseiningar vil skje i utkanten av dei geografiske områda og svært nær kvarandre ved føreslege alternativ. Hallingtinget meiner ikkje at noverande fylkesgrenser og fylkesmannsembete kan vega tungt ved organisering av GDE. Det er heilt avgjerande at distrikta blir sett og høyrte spesielt, for å vega opp for avstandsulemper og mangel på kunnskap. Hallingtinget ser utfordringar ved at leiar geografiske driftseiningar også skal vera leiar for ei tenesteeining og ein tenestestad.



7. Det er satt eit mål om 2 politiårsverk pr. 1000 innbyggjarar innan 2020. Det er registrert at Sør-Øst politidistrikt, ut frå målsettingane, manglar om lag 400 politiårsverk (i dag ca. 1000). Hallingtinget kan ikkje skjønna anna enn at ei auke i storleik 40% i politiårsverk må vera det desidert viktigaste bidraget for å nå måla i «nærpolitireforma». Hallingtinget har vanskeleg for å skjønne kvifor dette ikkje har vore ein del av grunnlaget for effektiviseringsprosjektet. Det er ei klar forventning om at bemanninga i Hallingdal vil auke vesentleg ved opptrapping av politiårsverk.

8. Hallingtinget vil peike på tre faktorar som det må takast spesielt omsyn til ved framtidig organisering og bemanning:
 4. Store geografiske avstandar
 5. Hallingdal er den største reiselivsregionen i landet, med 5 – 6 mill. gjestedøgn noko som tilseier ei auke i folketalet på over 60% dersom gjestedøgn blir fordelt over året.
 6. Hallingdal er hovudferdselsåra mellom aust og vest der over 50% av vegtrafikken skjer på Rv7 (Hønefoss – Gol).

9. Hallingtinget er gjort kjent med at det ligg føre forslag til organisering av forvaltningsoppgåver og sivil rettspleie. Hallingtinget beklagar at det ikkje vart orientert om dette i Hallingtinget sitt møte 27.10.2016, der det vart sett av godt med tid til politimeisteren, med ein grundig gjennomgang.

Ulike forvaltningsoppgåver og sivil rettspleie er sjølvstendig viktig at blir organisert på ein god måte – også for Hallingdal. Hallingtinget er sterkt bekymra for at det her blir teke avgjerder, der det ikkje er moglegheit for reelle innspel og uttalar. Det er også ei sterk bekymring for at vurderingar blir gjort etter kjente mønster der det blir sett likskapsteikn mellom kompetanse/kvalitet og storleik. Hallingtinget kan på ingen måte akseptere ei organisering, der distrikta blir taparane med ein dags reiseveg for å få løyst sine oppgåver, og at det blir eit ulikt tenestetilbod. Hallingtinget krev at det snarast blir orientert om føreslegne løysingar, at det blir opna for å koma med uttale og at organisering av forvaltningsoppgåver og sivil rettspleie blir sett inn i ein total samanheng for Hallingdal.

Det må vera eit reelt tenestetilbod i forhold forvaltningsoppgåver og sivil rettspleie ved kvart tenestestad, med faste daglege opningstider.

SAK 16-16 INNSPEL TIL ARBEIDET MED ETABLERING AV REGION VIKEN

Forslag til innspel

1. Hallingtinget er oppteken av Hallingdal sin rolle i ein ny region som omfattar Buskerud, Akershus og Østfold. Region Viken vil bli ein svært stor region både i areal, folketal og næringsstruktur, der det frå Hallingdal si side er vanskeleg å sjå at dette blir ei funksjonelle eining. Hallingtinget ser med uro på forslaget og er oppteken av å bli høyrte og teke omsyn til, og vil kunne vera ein konstruktiv bidragsytar i det vidare arbeidet.
2. Hallingdal vil bli ein ytterkant i ein ny stor region, der avstandane i mange samanhengar blir større. Dette gjeld både i forhold til geografi, politikk, by/distriktsproblematikk og næringsstruktur. Hallingtinget har forståing for at det er dei overordna grepa som har fokus no, samstundes kan det ikkje vera tvil om at type regionar som Hallingdal fort kan bli ein parentes i dette arbeidet, dersom det ikkje får eit særskilt fokus.

Øvre Buskerud representera både utfordringa og store ressursar, som utan tvil vil kunne bli ei styrke i Viken. Hallingtinget er oppteken av at dette er problemstillingar som blir teke på alvor i det vidare arbeidet.
3. Det må takast omsyn til dei regionane/kommunane som ligg i det distriktpolitiske verkeområde. Det er ynskjeleg med:
 - Partnerskapsavtale tilsvarande det som er mellom Buskerud fylkeskommune og regionane i Buskerud i dag.
 - Det må vera ein tydeleg distriktpolitikk

- Det må vera dedikerte medarbeidarar med lokalkunnskap
 - Det må vurderast distriktskontor (distriktpolitisk virkeområde) som har kompetanse i forhold til:
 - o Distriktpolitikk
 - o Reiseliv
 - o Fjellandbruk
4. For å få ein god start og best mogleg resultat i dei komande prosessar er det heilt avgjerande at kunnskap og moglegheiter om fjellregionane i Øvre Buskerud, blir lyfta inn i arbeidet. Hallingtinget ber om at det blir sett i gang eit arbeid, som ser på korleis ytterkantane i region Viken, med fokus på fjellområda, kan bli ein funksjonell del av Viken. Dette er eit arbeid Regionrådet for Hallingdal ynskjer å ta aktivt del i.

Forslag frå Torleif Dalseide til nytt pkt. 1

Hallingtinget er oppteken av Hallingdal sin rolle i ein ny region som omfattar Buskerud, Akershus og Østfold. Region Viken vil bli ein alt for stor region både i areal, folketal og næringsstruktur, der det frå Hallingdal si side er vanskeleg å sjå at dette blir ei funksjonelle eining.

Avstemming

Framlegg frå Torleif Dalseide samrøystes

Vedtak

1. Hallingtinget er oppteken av Hallingdal sin rolle i ein ny region som omfattar Buskerud, Akershus og Østfold. Region Viken vil bli ein alt for stor region både i areal, folketal og næringsstruktur, der det frå Hallingdal si side er vanskeleg å sjå at dette blir ei funksjonelle eining.
2. Hallingdal vil bli ein ytterkant i ein ny stor region, der avstandane i mange samanhengar blir større. Dette gjeld både i forhold til geografi, politikk, by/distriktsproblematikk og næringsstruktur. Hallingtinget har forståing for at det er dei overordna grepa som har fokus no, samstundes kan det ikkje vera tvil om at type regionar som Hallingdal fort kan bli ein parentes i dette arbeidet, dersom det ikkje får eit særskilt fokus. Øvre Buskerud representera både utfordringa og store ressursar, som utan tvil vil kunne bli ei styrke i Viken. Hallingtinget er oppteken av at dette er problemstillingar som blir teke på alvor i det vidare arbeidet.
3. Det må takast omsyn til dei regionane/kommunane som ligg i det distriktpolitiske virkeområde. Det er ynskjeleg med:
 - Partnerskapsavtale tilsvarande det som er mellom Buskerud fylkeskommune og regionane i Buskerud i dag.
 - Det må vera ein tydeleg distriktpolitikk
 - Det må vera dedikerte medarbeidarar med lokalkunnskap
 - Det må vurderast distriktskontor (distriktpolitisk virkeområde) som har kompetanse i forhold til:
 - o Distriktpolitikk

- Reiseliv
 - Fjellandbruk
4. For å få ein god start og best mogleg resultat i dei komande prosessar er det heilt avgjerande at kunnskap og moglegheiter om fjellregionane i Øvre Buskerud, blir lyfta inn i arbeidet. Hallingtinget ber om at det blir sett i gang eit arbeid, som ser på korleis ytterkantane i region Viken, med fokus på fjellområda, kan bli ein funksjonell del av Viken. Dette er eit arbeid Regionrådet for Hallingdal ynskjer å ta aktivt del i.

Ål 16.11.2016

Rett utskrift

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar